

Merknader til 1. gongs høyring av Fitjar trafikktryggingssplan (ut frå mottekne vedlegg datert 15.06.21)

Nr	Merknad	Kommentarar frå arbeidsmøte 8/9-21
1	<p>Frå: Dåfjorden Næringsforum Gjeld: Fylkesveg 5068 (FV72) «Dåfjordvegen». Gjer greie for trafikale utfordringar og med forslag til utbetringstiltak i vedlagt presentasjon (18 sider):</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Gang- og sykkelveg frå Selevik skule til Revurda (700m) 2) Gang- og sykkelveg frå Revurda til Lønevågen (1000m) 3) Utbetring av siktsoner 4) Vurdering av rasfare v/Høgabrotet og Peterteigsbakken 	<p>Er i hovudsak gjentakning av tidlegare innsendt innspel i innspelsperioden. Punkt 1-3) er lagt inn i revidert plan Punkt 4) Ligg på Stord sida</p> <p>Kommunen har i den reviderte trafikktryggingssplanen prioritert tiltaka dei ønskjer å arbeide med i planperioden for 2021-2031. Sjå prosjektark.</p>
2	<p>Frå: Thea Træet AS v/Terje Træet Gjeld: Parkeringsplassar utafor Thea Træet AS. Ønskjer endra tilbake til tverrstilte parkeringsplassar av omsyn til mjuke trafikantar, i tråd med ny høyringsutkast til ny reguleringsplan for Fitjar sentrum.</p>	<p>Er eit nytt innspel og ikkje merknad til eksisterande tiltak. Er allereie spelt inn som kommentar til sentrumsplanen.</p>
3	<p>Frå: Sigurd Andrè Maraas (varaordfører) Gjeld: 1) Området rundt Rydland og Sæterbøvegen må utbetrast, inkl. gangfelt og fartshump på fv, samt fartshump i Sæterbøvegen. 2) Komplette GS-veg med gatelyst mellom Vik og Rydland og resten av strekninga Rydland-Øvrebygda skule-Hogste-Helland-Reino, 3) Mangelfulle møteplassar over Vikaleite, alternativt stenge vegen for gjennomkøyring til Fitjar, 4) Ta med siktsoner og møteplassar rundt vatnet [Storavatnet], spesielt mellom Helland og Synningjo, i tillegg siktsoner sørover frå Rydland til Dåfjorden. 5) 50-sone forbi kryss Sæterbøvegen/Koløyvegen Sjå og detaljert oversiktskart over tiltak, vedlagt til merknad.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1) Er nytt innspel. Det er tilrettelagt kryssingspunkt mellom busshaldeplassane slik dei ligg i dag. Fartshumpar vert ikkje tatt med vidare. 2) Sjå prosjektark «Gang-/sykkelvegar» 3) Er nytt innspel. Vert ikkje tatt med vidare, hindrar framkome. 4) En del av omtala siktsoner er tatt med i revisjon av planen, bortsett frå heilt i starten av fv. 5470. 5) Er nytt innspel. Vert ikkje tatt med vidare.
4	<p>Frå: Stina-Helen og Knut-Stian Rimmereid Gjeld:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) PV1222 Storhaugsvegen som skuleveg, fartsreducerande tiltak, sideterrengsikring 2) KV1223 Gamlevegen, smal veg, stenge for gjennomkøyring, tillete til eigedomane, maks 20 km/t 3) Ikkje fått prosjektark – etterlyser desse 4) Påpeikar korrekt planprosess, inkl. søk- og nabovarsling 	<p>Er nye innspel, i forhold til at dei ikkje er omtalt med prosjektark i planen – men kjem som innspel til punkta for «Særskilte fokusområder i planen».</p> <p>VLFK: Det er mogeleg å søkje om midlar også for tiltak som gjeld privat veg.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Kommunen ønskjer å endra fartsgrensa til 30 km/t. 2) Kommunen ønskjer å endra fartsgrensa til 30 km/t med underskilt «gjennomkøyring forbode» 4) Det som er søknadspiktig vert omsøkt.

	<p>5) Mål om hjartesone rundt skular krev tilnærma bilfritt i elevaktive tider, regulerte droppsoner ved skulane. Droppsoner og ved Fitjar bedehus og kyrkje.</p>	<p>Hjartesone er eit arbeid som vil prioriterast i starten av planperioden og detaljerte planar for dei enkelte skuleområda vert utarbeidd av kommunen.</p>
5	<p>Frå: Oppsitjarar (19 stk) i Rosneset trivselspark Gjeld: Fartsdempande tiltak i Rosneset, særleg for Rosnesvegen som er hovudvegen til eigedomar i området. Merknaden peikar på at det i dag er for høg fart i området og etterlyser fartsdempande tiltak som fartshumpar.</p>	<p>Omtalt i oppsummering av innspel til oppstart av revisjon av TS-planen. Fartshumpar vert ikkje tatt med vidare.</p>
6	<p>Frå: Norsk Friluftsliv i Oslo Gjeld: Behov for fartsgrensar på sjøen</p>	<p>Her krevst det ei grundig kartlegging av aktuelle område for fleirbrukskonfliktar, fartsgrenser og andre farar i høve til sjø.</p>
7	<p>Frå: Att. Tore Nesbø Gjeld: Innspel om behov for skilt om parkeringsforbod ved omtalte snuhammar i planen.</p>	<p>Er nytt innspel – prosjektark oppdaterast med kostnad for skilt.</p>
8	<p>Frå: Knut Olav Røssland Nestås, Trygg trafikk Gjeld: Nye planer som kjem dei komande åra.</p> <p>I mail frå Knut Olav: «Om det er eit lite atterhald som slo meg når eg las planen, så var det kva som no skjer med ny Nasjonal tiltaksplan for trafiksikkerhet på veg 2022-2025, samt dei nye fylkeskommunale plandokumenta som kjem i ny Regional transportplan og Handlingsprogram for trafikktrygging. Sistnemnte er nok ikkje klar på denne sida av året, men både nasjonal tiltaksplan og RTP er truleg ikkje så langt unna».</p>	<p>Ein tar merknad frå Trygg trafikk til etterretning og legg til grunn at trafikktryggingen oppdaterast med informasjon om desse når dei komande planane føreligg (omtalen av desse vil ikkje endra noko vesentleg med omsyn til prioriteringar i planen).</p>